

## Til Alver kommune. Plan-og bygningsavdelinga.

Gjeld søknad om frådelling frå gnr. 355 bnr. 4 og frå gnr. 355 bnr. 45.

### Skildring av søknadene.

Syner til vedlagde søknader om frådellingar.

Det er her søkt om 3 frådellingar. 2 stk. frå gnr. 355 bnr. 4 og 1 stk. frå gnr. 355 bnr. 45.

Hovudfrådellinga er parsell 1. Denne er synt på vedlagde kart med eit areal på om lag 570 kvm. Denne frådellinga må vurderast først. Dersom denne **ikkje** blir godkjent, er det ikkje naudsynt å vurdera dei to andre frådellinga sidan dei to er tilleggsareal til hovudparsell 1.

Dersom hovudparsellen vert godkjent, ynskjer eigarane av bnr. 4 og bnr. 45 å gjere eit makebyte. Parsell 2, på om lag 200 kvm., blir frådelt bnr. 45 og lagd til hovudparsell 1. Parsell 3, på om lag 200 kvm., vert delt frå bnr. 4 og lagd til bnr. 45. Bnr. 45 vert etter makeskifte like stor som før, medan parsell 1 får eit tillegg på 200 kvm. og vert om lag 770 kvm.

Dersom dette går i orden, og tilkomstvegen til bnr. 45 blir lagd om slik som sunt på kartet vil ny bustadparsell til Kåre og Mette Skjelanger få eit areal på om lag 770 kvm. som er ei høveleg tomt til den husstorleik som dei ynskjer å byggje.

Ny bustaddtomt skal nytta same vegrettane som det tidlegare er gitt løyve til. Det same gjeld løyve for både for avlaup og vatn.

Frekhaug 12.05.2021.

Etter fullmakt frå eigarane

Jens H. N. Bjordal.

Ansv. Søkjar.

